

26. 5. 2010





Bilde 1

Her er Marius, mammaen og pappaen hans.

Dei sit heime og et frukost.

Marius har ein bamse som heiter Sofus.

Sofus får vere med Marius nesten over alt

Det er tidleg på dagen. Marius skal i barnehagen.

Mamma og pappa skal på jobb.

Marius får med seg mat i matboksen sin.

Han få med eit eple og ein yoghurt og.

Forslag til spørsmål om bildet.

Kva skjer her? Fortel meg om Marius som et frukost.

Forslag til spørsmål om barnet sin situasjon:

Fortel meg om frukosten heime hjå deg

(Et du frukost i barnehagen kan du fortelje om den)

Kven bur du saman med ?

Har du ein kosebamse eller eit anna kosedyr?

Kva heiter den/det?


Kor pleier du å ete frukost?

Kva pleier du å ete til frukost?

Kva liker du å ha i matpakken din?

Fortel meg om kven som føl deg til barnehagen.

Eigne spørsmål.....



Bilde 2

Her er Marius komen til barnehagen.

Han har tatt av seg jakka si.

Her sit han i vindaugskarmen.

Marius vil vinke når mamma/pappa går.

Forslag til spørsmål om bildet

Kva trur du Marius tenker på når han sit i vindaugskarmen?

Korleis trur du han har?

Kva trur du han har lyst til å gjere på i barnehagen i dag?

Forslag til spørsmål om barnets situasjon

Fortel meg om kva som skjer når du kjem i barnehagen om morgonen.

Når du har kledd av deg jakka og støvlane, kva gjere du då?

Pleier du å vinke til mamma/pappa når ho/han går frå barnehagen?


Kva tenker du då?

Korleis har du det då?

Er det nokre av barna du ser etter? Kven då?

Kvar er dei vaksne i barnehagen når du kommer?

Eigne spørsmål.....



Bilde 3

Her kommer Pia.

Ho har nettopp begynt i barnehagen.

Ho begynner å grine når mamma/pappa går.

Marius møter henne i garderoben.

Forslag til spørsmål om bildet.

Kva skjer her?

Korleis trur du Marius har det?

Korleis trur du har Pia det?

Kva trur du Marius vil gjere?

Kva trur du vil skje dersom Pia får låne bamsen av Marius?

Forslag til spørsmål om barnet sin situasjon

Kva gjere du dersom du ser nokon som er lei seg og ikkje vil vere i barnehagen?

Kva skjer dersom du ikkje vil vere i barnehagen?

Kva gjere du då?

Kva gjere dei andre barna?

Kva gjere dei vaksne?

Kva vil du at dei vaksne skal gjere?

Eigne spørsmål.....



Bilde 4

I barnehagen pleier Marius å leike med Jakob og Janne

Forslag til spørsmål om bildet

Kva leiker dei her?

Korleis trur du Marius har det?

Forslag til spørsmål om barnet sin situasjon

Kva heiter vennene dine?

Fortel kven du leiker med.

Kva pleier de å leike?

Kven bestemmer i leiken?

Er det nokre barn du har lyst å leike med, men som pleier å leike med andre?

Kor liker du best å leike i barnehagen? (vis meg det)

Kva leiker du der?

Er dei vaksne med å leiker?

Kva skjer dersom dei er med?

Eigne spørsmål



Bilde 5

Nokre gongar får ikkje Marius vere med å leike saman med dei andre barna.

Forslag til spørsmål om bildet

Kva trur du Marius tenker om det?

Fortel meg om korleis du trur han har det på dette bilde.

Kva kan han gjere?

Kva kan dei vaksne gjere?

Kva trur du vil skje dersom Marius spør om han kan få vere med i leiken?

Forslag til spørsmål om barnet sin situasjon

Har du opplevd at du ikkje får vere med å leike?

Fortel meg.

Kva skjedde då?

Kva tenkte du?

Korleis hadde du det?

Kva gjorde du ?

Kva gjorde dei vaksne ?

Kva gjere du dersom eit barn har lyst til å leike med deg, men du ikkje har lyst?

Eigne spørsmål.....



Bilde 6

Marius bygger eit høgt tårn med klossane.

Han likar å bygge.

Han synes tåret blir flott.

Forslag til spørsmål om bildet

Fortel meg om kva som skjer her

Korleis trur du Marius har det?

Kva trur du vennen hans tenker?

Forslag til spørsmål om barnet sin situasjon

Likar du å leike med klossar?

Fortel om noko du har bygd med klossar.

Kva likar du best å leike med? (Vis meg det.)

Kva er du flink til?

Er det noko du ikkje liker å leike med? Kva då?

Eigne spørsmål



Bilde 7

Marius sitter på do.

Jakob ser på han.

Forslag til spørsmål om bildet

Fortel om kva som skjer på bildet

Kva trur du Marius tenker når nokon ser inn til han?

Korleis trur du han opplever det?

Forslag til spørsmål om barnet sin situasjon

Fortel om badet og doen i barnehagen din.

Kva kan du gjere på badet?

Er det noko du ikkje liker på badet i barnehagen?

Kva skjer når du skal på do?

Har de nokre do reglar? Korleis er dei?

Pleier du å låse døra?

Kva skjer dersom nokon opnar døra på do når du tissar?

Kor er dei vaksne når barna er på badet?

Eigne spørsmål.....



Bilde 8

Her sitter Marius å eter saman med andre barn og vaksne i barnehagen.

Forslag til spørsmål om bildet

Fortel om bildet

Ser du Marius?

Kva trur du dei eter?

Korleis trur du Marius har det ved bordet?

Forslag til spørsmål om barnet sin situasjon

Fortel om måltidet i barnehagen din

Kva liker du å ete?

Smøre du på maten din sjølv?

Kva liker du å ha på maten din?

Kven pleier du å sitte saman med når de eter?

Har de faste plassar ved bordet?

Kva synes du er hyggeleg ved matbordet?

Er det noko som ikkje er hyggeleg når de eter? Kva då?

Ryddar du av bordet sjølv?

Kva gjere dei vaksne?

Kva slags reglar har de ved matbordet?

Kva skjer om nokre av barna ikkje føl reglane?



Bilde 9

Marius skal rydde av bordet.

Han mister koppen sin på golvet.

Forslag til spørsmål om bildet

Fortel kva som skjer her.

Kva trur du Marius tenker om det?

Korleis trur du han har det her?

Kva kan han gjere?

Kva kan den vaksne gjere?

Forslag til spørsmål rundt barnet sin situasjon

Har du mista noko på golvet som har gått i stykke?

Kva skjedde då?

Kva gjorde du?

Korleis hadde du det?

Kva gjorde dei vaksne?

Fortel om ein gong du var redd.

Eigne spørsmål.....



Bilde 10

Sissel jobbar i barnehagen.

Her les ho for barna.

Forslag til spørsmål om bildet

Kva skjer?

Korleis trur du Marius har det her?

Korleis trur du dei andre barna har det?

Forslag til spørsmål om barnet sin situasjon

Kor likar du å sitte når de les og syng i barnehagen?

Fortel om samlingsstunda.

Kva liker du best å gjere i samlingsstunda?

Er det noko du ikkje likar? Kva då?

Fortel meg om kva bøker du likar.

Fortel med kva songar du likar.

Kva skjer dersom nokon bråkar i samlingsstunda?

Kva skjer dersom nokon vil fortelje om noko dei har opplevd?

Eigne spørsmål.....



Bilde 11

Marius gret.

Sofus prøver å trøste.

Forslag til spørsmål om bildet

Fortel om kva som har skjedd.

Kva gret Marius for trur du?

Korleis trur du han har det her?

Kven andre enn Sofus kan trøste Marius?

Forslag til spørsmål om barnet sin situasjon

Kva blir du lei deg for?

Fortel med om ein gong du blei veldig lei deg i barnehagen.

Kva skjer når du gret i barnehagen?

Kven trøster deg i barnehagen?

Korleis kan vi sjå på deg at du er lei deg?

Eigne spørsmål.....



Bilde 12

Marius og Jakob er sinte på kvarandre

Forslag til spørsmål om bildet

Kva har skjedd?

Kva kan Marius gjere?

Kva kan dei vaksne gjere?

Kva trur du Marius tenker?

Korleis trur du han har det her?

Fortel meg kva dei kan gjere for å bli venner igjen.

Forslag til spørsmål om barnet sin situasjon

Fortel meg om ein gong du blei uvenner med nokon i barnehagen.

Kva skjedde?

Kva gjorde du?

Korleis hadde du det?

Kva gjorde den vaksne?

Kva gjere du dersom du blir uvenner med nokon no?

Kva gjere du for at de skal bli venner igjen?

Korleis kan vi sjå på deg at du blir sint?

Eigne spørsmål.....



Bilde 13

Her er Marius på tur i skogen med dei andre barna

Forslag til spørsmål om bildet

Kva skjer?

Kva gjere Marius?

Kva trur du har han lyst til?

Kva gjere dei andre?

Korleis trur du Marius har det på turen?

Forslag til spørsmål om barnet sin situasjon

Fortel meg om ein tur du har vert med på med barnehagen?

Kor pleier de å gå på tur?

Kva liker du å gjere når de er på tur?

Kva liker du ikkje å gjere?

Kva vil du at dei vaksne skal gjere når de er på tur?

Eigne spørsmål.....



Bilde 14

Marius er ute. Han sit på dissa.

Forslag til spørsmål om bildet

Kva trur du han tenker?

Kva har han lyst til å gjere?

Korleis trur du han har det?

Kvar er dei andre barna?

Kva trur du dei andre barna gjere på?

Kvar er dei vaksne?

Kva trur du dei vaksne gjere på?

Forslag til spørsmål om barnet sin situasjon

Liker du å disse?

Fortel meg om uteleikeplassen til barnehagen?

Fortel meg kva du liker å gjere når du er ute.

Kva liker du ikkje å gjere?

Kven leiker du med?

Kva skjer dersom nokon vil ha det du leiker med?

Kva gjere du då?

Kva gjere dei vaksne på når barna er ute?

Kva synes du dei skal gjere på?

Eigne spørsmål.....



Bilde 15

Marius og Sofus er veldig glade

Forslag til spørsmål om bildet

Kva har hendt?

Korleis trur du Marius har det her?

Forslag til spørsmål om barnas sin situasjon

Kva blir du glad for?

Korleis kan vi sjå på deg at du er glad?

Kva blir du glad for i barnehagen?

Kva blir dei vaksne i barnehagen glade for?

Eigne spørsmål.....